



Lindås Rør & Sanitær AS  
Burkhovdane 1  
5914 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/1587 - 18/18865

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
12.06.2018

## Løyve til etablering av privat vassleidning - gbnr 85/21 Kvalvåg

**Administrativt vedtak. Saknr: 298/18**

**Tiltakshavar:**

**Ansvarleg søkjar:**

**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 og 20-3.

**Tiltak**

Saka gjeld søknad om etablering av privat vassleidning fram til fritidsbustad på gbnr 85/21. Eigedomen skal knytast til kommunalt vassverk inne på eigedomen gbnr 85/6.

Det vert elles vist til søknad motteken 12.05.2016 og supplert seinast ved dokumentasjon mottatt 18.04.2018.

**Planstatus**

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommunedelplanen for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden er avsett til LNF-føremål med omsynssone landbruk.

Tiltaket vert vurdert å vera i samsvar med gjeldande arealføremål. Det er lagt til grunn for vurderinga at leidningen skal gravast ned og terrenget skal reetablerast slik at tiltaket ikkje vil gje varige spor i naturen og heller ikkje vanskeleggjera ei gjennomføring av planen, jf skriv frå Kommunal og moderniseringsdepartementet datert 10.06.2016.

**Nabovarsel**

Tiltaket er ikkje nabovarsla, men aktuelle naboar har gitt erklæring med samtykke til å leggja vassleidning over privat grunn.

**Plassering**

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 06.05.2016 rev. 01.



### **Vatn og avløp (VA)**

Det er søkt om og gjeve løyve til tilknytning til kommunalt vassverk i vedtak datert 11.06.2018. Eigedomen har privat avløpsløyving med slamavskiljar og sandfilteranlegg.

### **Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve**

Ansvarleg søker har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.

### **Tekniske krav til byggverk**

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

### **Privatrettslege tilhøve**

Det ligg føre erklæring med rett til å leggja vassleidning over gbnr 85/7 stempla tinglyst 12.04.2018.

Det ligg føre erklæring med rett til å leggja vassleidning over gbnr 85/6.

Det ligg føre erklæring med rett til å leggja vassleidning over gbnr 85/23.

## **VURDERING**

### **Plassering**

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

### **Nabovarsel**

Naboar er vurdert tilstrekkeleg varsla gjennom grunneigarerklæringane som ligg føre. Kommunen vil ikkje krevja ytterlegare varsling.

### **Tiltaksklasse**

Kommunen legg søker si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

### **Vurdering etter naturmangfaldslova**

Kommunen har vurdert prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova. Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) og [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no) og nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland. Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

## **VEDTAK**

**Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve løyve til tiltak i eitt-trinn for etablering av vassleidning i samsvar med søknad og på følgjande vilkår:**

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 06.05.2016 rev. 01, jf pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
2. Tiltaket skal knytast til kommunalt vassverk i samsvar med løyve til påkopling datert 11.06.2018.

**Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket skal følgjande liggja føre:**

1. Godkjent ferdigmelding på tilkopling til offentleg VA anlegg
2. Faktisk plassering av tiltaket må vera målt inn, og koordinatar sendt kommunen.

**Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

**Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunnjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

**Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 16/1587**

**Ansvar**

*Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.*

**Bortfall av løyve**

*Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.*

**Avfall**

*Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.*

**Mellombels bruksløyve/Ferdigattest**

*Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.*

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

VA 01 - A3 - M2000 - rev.01

**Kopi til:**

Knut Adelsten Tønder

Totlandsvegen 558 5226

NESTTUN

**Mottakarar:**

Lindås Rør &amp; Sanitær AS

Burkhovdane 1 5914

ISDALSTØ